



LNK

NYNORSKKOMMUNANE

LANDSTINGET 2025



FAGFORBUNDET



HOTELL BONDEHEIMEN



INNHALD

SAK 1	
KONSTITUERING.....	3
SAK 2 ÅRSMELDING 2023 OG 2024	4
SAK 3 REKNESKAP 2023 OG 2024.....	26
SAK 4 FRAMLEGG TIL VEDTEKTER.....	33
SAK 5 STRATEGI FOR LNK 2025-2029.....	36
SAK 6 KONTINGENT.....	39
SAK 7 RAMMEBUDSJETT 2026-2027.....	39
SAK 8 FRÅSEGNER.....	42
SAK 9 VAL AV STYRE, VALNEMND OG REVISOR.....	43
GJELDANDE VEDTEKTER	44
MEDLEMSLISTE	46

SAK 1 KONSTITUERING

FRAMLEGG TIL SAKLISTE

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2023–2024
3. Rekneskap for 2023–2024
4. Framlegg til vedtekter
5. Strategi for LNK for 2025–2029
6. Kontingent
7. Rammebudsjett
8. Fråsegner
9. Val av styre, valnemnd og revisor

Vedlegg

Gjeldande vedtekter for LNK
Medlemsliste per 31.12.2024

FRAMLEGG TIL MØTEFØRESEGNER

1. Landstinget vert halde for opne dører, dersom ikkje tinget vedtek noko anna.
2. Landstinget fastset endeleg dagsorden for møtet.
3. Landstinget vel to ordstyrarar, to møterreferentar, to utsendingar til å skrive under møteprotokollen og tre utsendingar til å vere røysteteljarar.
4. Ei fullmaktsnemnd på tre utsendingar, vald av styret, skal sjå til at alle utsendingar er valde frå medlemer som har røysterett, og at dei har rette fullmakter.
5. Ei redaksjonsnemnd på tre utsendingar, vald av styret, skal etter oppdrag frå landstinget forme ut og samordne framlegg til vedtak i saker.
6. Taletid vert fastsett av landstinget etter framlegg frå ordstyrarar.
7. Landstinget kan gjere vedtak om at andre enn utsendingar får talerett.
8. Alle framlegg skal leggjast fram skriftleg.
9. Endringar i føresegnene kan berre gjerast med 2/3 fleirtal. Andre vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Dersom det er likt røystetal, er røysta til ordstyrar avgjerande. Berre dei som er til stades i møtesalen når ei sak vert teken opp til røysting, kan vere med i røystinga i den saka.

Sak 2 ÅRSMELDING 2023 - 2024



Frå Mostratinget for ungdom 1. juni 2024.

Annakvart år, i samband med årsmøtet og landstinget i LNK, legg organisasjonen fram ei fyldig årsmelding og revidert rekneskap for dei siste to driftsåra. Styret vurderer det slik at denne rapporten, saman med revidert rekneskap for meldingsåret, gjev eit godt bilete av drifta i organisasjonen.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein kultur- og interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Alle kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak som gjer bruk av nynorsk språk i skulen og/eller i administrasjonen, kan verta medlemmer i LNK.

Oppsummering

Det har vore stor aktivitet i LNK dei siste to åra. Nettstadene våre har nådd over éin million brukarar i løpet av dei to åra. Framtidajunior.no blei kåra til Årets nynorskbrukar av Nynorsk kultursentrum på Festspela i 2023, og har opplevd rekordmange deltakarar i skrivekonkurransane sine. Framtida.no har lansert ein ny debattportal og ny nettside.

I 2023 lanserte LNK eit flunkande nytt digitalt nynorsk kurs for lærarar. LNK har arrangert 24 På saklista-kurs.

Talet på medlemsbesøk har tatt seg opp, og for første gong deltok LNK på Nynorskstafetten saman med Noregs Mållag i 2023. Dette var i Nord-Gudbrandsdalen. I 2024 deltok LNK på Nynorskstafetten rundt Bergen og på Haugalandet.

I det følgjande kan du lesa meir om aktivitetane til LNK i løpet av 2023 og 2024.



Frå landstinget i Sogndal juni 2023.

30-årsjubileum og landsting

LNK arrangerte landsting på Quality Sogndal Hotell 1.–2. juni 2023, og markerte samstundes 30-årsjubileum. Kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik heldt helsingstale, og det same gjorde fylkesordføraren under middagen.

Tinget samla om lag 64 deltakarar. I tillegg deltok ein klasse ved Sogndal vidaregåande skule torsdagen.

Landstinget hadde fem hovudtema:

- Robotane kjem! Korleis kan språkteknologi hjelpa kommunane?
- Innkjøpsmakt og språkmakt i kommunane
- Identitetsskapande merkevarebygging

- Korleis kan kommunane nå dei unge?
- Nynorskpolitikk og språkbruksplanar i kommunane

Stig Ulv sytte for ein artig og fin konsert i Sogndal kulturhus. Landstinget vart arrangert av LNK i samarbeid med Sogndal kommune, Vestland fylkeskommune og organisasjonen Nynorskfylket Vestland.



Jostein Avdem Fretland er dagleg leiar for Fretland & Fretland og held dei fleste av På saklista-kursa.

Kursverksemd

I meldingsåret 2024 gjennomførte me 11 nynorske klarspråkkurs og i 2023 arrangerte me 14 i medlemskommunane våre. Me har halde kurs i alle kommunar som har bede om det, og har marknadsført kursa på nettsidene våre, i nyhende-brev, på e-post til kommunane og på medlemsbesøka me har gjennomført.

I 2023 fekk Austevoll og Bjørnafjorden eit kurs tilpassa plan- og reguleringsavdelingane deira.

Me ser at det kjem stadig nye kommunar som er interesserte i kurs, samstundes som fleire kommunar har kurs kvart år. Med den så pass store interessa for kursa i 2023, vurderte styret at interessa kunne bli større enn me har budsjett for i 2024. På styremøtet i desember vedtok styret å utvida budsjettet med 50.000 kroner, samstundes som me innfører ein

eigendel på 25 prosent av kurskostnaden. I 2022 auka ramma med 100.000 kroner. Det kan vera vanskeleg å auka budsjettposten noko særleg meir utan at det går ut over drifta elles.

Fretland & Fretland AS i Lærdal har sidan 2020 hatt ansvaret for utvikling, innsal og gjennomføring av kursa til LNK. Dei melder om at enkelte av kursa av og til har ein del avmeldingar, som gjer at det kunne vera plass til fleire på kursa. Ein eigendel kan bidra til at fleire vil prioritera å ta kurs dei har meldt seg på.

Kursboka for På saklista-kurset er framleis *På saklista. Språk og saksbehandling på papir og nett* av Jan Olav Fretland. Boka er no under revidering.

Deltakarar oppfattar «På saklista» som både eit språkkurs, eit saksbehandlingskurs og eit klarspråk-kurs. Tilbakemeldingane deira er svært gode, og dei legg vekt på nytten av kurset i den kommunale kvardagen. Kursa går over to dagar. Kurset for lærarar «På tavle og på skjerm» bruker boka *Rett & Godt* (Søyland/Fretland) som kurshefte.



Hausten 2023 bidrog LNK i planlegginga av språkkonferansen i samband med openinga av Nynorskhuset i Førde.

På oppdrag frå Bergen kommune lanserte LNK i september 2023 eit ope og gratis digitalt nynorskkurs for lærarar. Kurset er utvikla av Jan Olav Fretland, tidlegare dosent ved Høgskulen på Vestland, og ein nestor innanfor nynorskdidaktikken. Kurset er sett saman av fleire videoar og oppgåver som deltakarane får løysa digitalt.

LNK har òg bidratt på fleire seminar og inspirasjonssamlingar for lærarar i løpet av dei siste to åra.

Kursverksemda for barn og unge blir nemnt under kapitla om Framtida.no og Framtida junior.

Nynorsk og digitale læremiddel

Våren 2023 jobba LNK tett saman med resten av nynorskrørsla for å gjera opplæringslova best mogleg for nynorskelevane. LNK og Noregs Mållag fekk 121 ordførarar frå både nynorsk-, bokmåls- og språknøytrale kommunar til å stilla seg bak oppropet for like vilkår for nynorsk- og bokmålselevar, og for å leggja «læringsressursar som er laga for bruk i opplæringa» inn under parallell-kravet om bokmåls- og nynorskversjon. Berre slik kan nynorskelevane få ein skulekvardag på språket sitt.

Tidlegare var det relativt lett å kontrollera at staten følgde opp pliktene sine på dette området, men læremiddel er ikkje lenger berre bøker. Digitaliseringa har kome for fullt, også i skulen. Samstundes tar ikkje utviklarar og leverandørar av appar og programvare ansvar for språk i produkta sine. Nokre kommunar har gjort vedtak om at dei ikkje vil kjøpa inn programvare som ikkje finst på nynorsk, men i praksis er dette vanskeleg når det ikkje finst tilsvarende relevant programvare på nynorsk, av og til heller ikkje på bokmål. Sidan krav frå kommunane til enkeltleverandørar i praksis gjer lite inntrykk på store internasjonale konsern, bør kommunane halda fram med å stilla krav til Kunnskapsdepartementet om at digitale læringsressursar kjem inn under Opplæringslova, gjennom ei forskrift eller ei lovendring.

Den nye opplæringslova blei vedtatt før sommarferien 2023. Lova er ikkje god nok for lærarane og nynorskelevane. Språkdeling i ungdomsskulen og krav om nynorske skriveprogram er veldig bra. Men fleirtalet på Stortinget vedtok lova utan eit viktig krav: å ta med læringsressursar som er laga for bruk i opplæringa inn under parallell-kravet om bokmåls- og nynorskversjon

Ei samla målrørsle, Forleggerforeningen, Utdanningsforbundet, Elevorganisasjonen og Språkrådet står bak dette kravet. Stortingsfleirtalet gjekk ikkje inn for dette, men Utdanningskomiteen har gitt regjeringa beskjed om å henta inn meir kunnskap om situasjonen.

LNK har allereie gjennomført fleire undersøkingar om den digitale situasjonen for skulane og elevane i nynorskområde, og har delt desse med Utdanningsdirektoratet. Me vil halda fram med å jobba for at det vert utvikla fleire digitale læremiddel, læringsressursar, appar og meir

relevant programvare på nynorsk og for at det blir stilt krav i lov eller forskrift om dette.

Språkplanar

Å støtta medlemskommunane med å laga språkbruksplanar er eit viktig arbeid for LNK. LNK har det siste året vore i kontakt med fleire kommunar med råd til arbeidet med språkplanar. LNK har vore i fleire med møte Vestland fylkeskommune og kome med skriftlege innspel til arbeidet deira med retningslinjer for språkbruk i Vestland fylkeskommune.

Vinteren 2023 avslutta LNK og Nynorsk kultursentrum ei undersøking mellom kommunane i nynorskområde. Av dei 75 kommunane som svara, var det 38 kommunar som svara at dei ikkje har vedtatt nokon språkbruksplan, språkprofil eller handlingsplan for språk. 28 har vedtatt ein slik språkplan, medan ni kommunar ikkje veit dette. 18 kommunar svara at det var aktuelt å oppdatera språkplanen deira i den nærmaste framtida.

Når det gjeld tema for innhald i språkbruksplanane i bruk, er krav om rettskriving, administrasjonsspråk og klarspråk det som er mest vanleg. Språkbruk og språkfremming i ekstern kommunikasjon er òg ein del av språkplanane til eit fleirtal av dei som svara. Mindre vanleg er det å nemna språkbruk og språkfremjing innan andre delar av kommunal drift, som til dømes innan skule, barnehage, vaksenopplæring og bibliotek. Berre fire kommunar set krav til nynorskkompetanse ved tilsetjing. I stillingsutlysingar opplyser nær 63 prosent av kommunane om administrasjonsspråket i kommunen.

Hausten 2024 har LNK utvikla ein ny og oppdatert mal for språkbruksplanar, der òg språkteknologi og kunstig intelligens er tematisert. I malen kjem LNK med fleire konkrete tiltak til korleis kommunane kan driva god, lokal språkpolitikk basert på beste praksis i kommunane og faglege råd.



Frå venstre framme: Vikar i Magasinett Marie Knutsen Bruntveit, redaktør Andrea Rygg Nøttveit, journalist Åshild Slåen. Bak frå venstre: Språksjef Birgitte Vågnes Bakken og deltidstilsett Eirik Dyrøy Lotsberg

Framtida.no

Framtida.no er ei nynorsk nyhende- og debattavis på nett for unge i alderen 14–25 år.

Framtida.no er eigd av Landssamanslutninga av nynorskkommunar, men er redaksjonelt uavhengig.

Framtida.no dekkjer heile landet, men fokuserer på saker som er viktige for unge, som ungdomsengasjement og politikk, samfunn, klima, miljø og identitet. Målet er å løfta og styrka engasjementet til unge, samstundes som me er eit nynorsk lokomotiv på nett.

For Framtida.no er det viktig å vera ein lærande arbeidsplass, som bidreg til å gje nynorskjournalistar både opplæring og arbeidsmoglegheiter. Framtida.no har i 2023 og 2024 tre fast tilsette, inkludert redaktør. Stiftinga Magasinett har ein fast tilsett i 2024 og ein vikar i 40 prosent stilling i 2023 og 2024.

Framtida.no er ein liten redaksjon som har vakse sakte sidan oppstarten i 2010. Framtida.no prioriterer å ha fast tilsette som kan løysa prosjekt internt i organisasjonen. Framtida.no har òg fleire dyktige vikarar og frilansarar, som ofte er nærare målgruppa i alder og bidreg med både nye perspektiv og mangfald i ein liten redaksjon.



Praktikant frå Nynorsk Avissenter intervjuar ei ung kjelde. Foto: Birgitte Vågnes Bakken

Framtida.no har i 2023 og 2024 hatt to praktikantar frå Nynorsk Avissenter, ein frå Oslomet og ein frå Universitetet i Stavanger. Me har òg teke imot elevar som jobbar for Operasjon Dagsverk, og ein vidaregåandelev i VG2 medieproduksjon i skuggepraksis.

Eit høgdepunkt i 2024 var då Framtida-redaksjonen og Framtida Junior-redaksjonen hadde felles strategisamling på Stord i samband med demokrati- og lovjubileet Moster 2024.

Ved høve har Framtida.no redaksjonsmøte med målgruppa, der me held føredrag og workshop om ytringsfridom, medieetikk og debatt. Under Mostratinget for ungdom fekk ungdomsrådsrepresentantar frå heile landet opplæring i korleis media tenkjer og jobbar.

Framtida.no har i 2024 publisert 979 artiklar for målgruppa 14–25 år.

Framtida.no følgjer saker som handlar om nynorsk, opplæring og rettigheiter til utsette grupper ekstra tett. Dette er saker som me har vorte sitert på i andre nyheitsmedium.

I 2023 vart Framtida.no sitert i to NPK-artiklar og ei NTB-sak. NPK-NTB-saka [«Aker Solutions forbyr TikTok»](#) vart publisert i minst ni nettaviser, inkludert TV 2 og Dagbladet. Dette bidreg til at Framtida.no når breiare ut.

Andre saker som vart sitert i 2023 er:

- [NRK greidde ikkje nynorskkravet på radio og nett](#)
- [Fylkeskommunar manglar oversikt, men fortel om få klagar på manglande læremiddel på nynorsk](#)

I 2024 vart Framtida.no sitert i to NPK-artiklar:

- [Ekspertutval vil ha funksjonshemma inn i menneskerettslova](#)
- [Nawisa \(20\) opplevde rasisme i sommarjobben: – Skremmande](#)

Som eit ledd i det å visa fram og styrka engasjementet til unge har Framtida.no eit aktivt fokus på å finna kjelder under 26 år.

I 2023 vart ei sak som Framtida.no løfta gjenstand for debatt på Stortinget. SV-representant Marian Hussein sende skriftleg spørsmål til dåverande helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol (Ap) etter å ha lese artikkelen «[Reidun \(23\) avbestilte sjukehustime – fekk Vipps-krav på 1500 kroner](#)».



Redaktør i Framtida.no, Andrea Rygg Nøttveit, held føredrag for ungdomsrådsrepresentantar frå heile landet.

Framtida.no har òg eit innhaldssamarbeid med ABC Nyheter, som får nytta artikkane våre som er relevante for ei noko eldre målgruppe enn Framtida.no sine lesarar. Dette

samarbeidet bidreg til at også nyheitslesarar som ikkje aktivt oppsøker nynorsk får tilgang på det. Redaktør i ABC Nyheter har uttala at han er overraska over at lesarane deira ikkje har reagert negativt på målforma.

Sommaren 2023 gjekk Framtida.no over til Google Analytics 4, som erstatta Universal Analytics. Overgangen var naudsynt på grunn av nye personvernreglar, men har ført til at trafikken før overgangen ikkje vert med på oversikta.

Dette betyr at tala for 2023 berre er frå 20. juni og ut året.

Visningar:

Hausten 2023: 704 265

2024: 1 086 715

Økter:

Hausten 2023: 541 526 økter

2024: 805 262 økter

Aktive brukarar:

Hausten 2023: 395 460

2024: 586 250

Som ein del av Framtida.no sitt arbeid med å løfta og styrka engasjementet til unge, satsar me på å henta inn og presentera debattstoffet vårt på ein god måte. Redaksjonen rettleiar debattantane både når det kjem til språk og kjeldearbeid, som er vårt bidrag til ein god og sakleg samfunnsdebatt.

Me jobbar kontinuerleg med å betra representasjonen blant meningsytrarane våre. Framtida.no hentar inn meningsinnlegg frå aktuelle debattantar ved å kontakta dei direkte, eller spørja om republisering eller utviding av innlegg frå sosiale medium. I tillegg får me inn debattinnlegg via tips@framtida.no og debattportalen vår.

Framtida.no lanserte ein ny debattportal, utvikla av Blåis AS i april 2023. I løpet av året fekk me inn 102 debattinnlegg og skrivekonkurransebidrag via portalen.

Framtida.no har publisert 120 meningsinnlegg frå unge skribentar i 2024. Brorparten av

desse er sendt inn via Framtida.no sin debattportal. Framtida.no har gjennom Magasinet arrangert seks skrivekonkurransar i 2023 og 2024.



6. trinn ved Bø skule i Hå kommune vann førsteprisen i skrivekonkurransen til Framtida junior i januar 2024.

Framtidajunior.no

Framtidajunior.no blir drifta av LNK, og er ei nynorsk nettavisa for barn mellom 7–13 år. Framtidajunior.no blir mykje brukt i skulen, men nettstaden blir også mykje brukt i fritida. I 2024 har 103.000 brukarar vore innom Framtidajunior.no. I 2023 har over 112.000 brukarar vore innom Framtidajunior.no. Totalt sidan oppstarten 17. oktober 2017 har over 700.000 brukarar vore innom nettsidene våre.

Framtidajunior.no har gjennomført fem [skrivekonkurransar](#) i 2024 og fem i 2023. Totalt kom det inn 900 bidrag i 2024 og over 1050 bidrag frå barn over heile landet i 2023. Det er ny rekord. Dei beste tekstane er publisert på [meiningar-sidene](#) til Framtidajunior.no.

I 2023 har me publisert 620 artiklar på Framtidajunior.no og 15 kvissar, og i 2024 har me publisert 531 artiklar og 8 kvissar. Sidan starten 17. oktober 2017 er det publisert over 5200 artiklar og 217 kvissar.

Framtidajunior.no blei i 2023 tildelt prisen Årets nynorskbrukar av Nynorsk kultursentrum under Festspela. Prisen er på 100.000 kroner.

Framtida Junior fekk for første gong støtte av Fritt Ord i 2023. Støtta på 100.000 kroner gjekk til prosjektet «Unge stemmer i lokalvalet». Me laga ein artikkelserie og ei temaavis om forskjellar i Kommune-Noreg og korleis det påverkar skule-, kultur- og fritidstilbod. Me skreiv om barnefattigdom og forskjellar – og om korleis barn og unge kan vera med på å påverka og om unge som engasjerer seg. I tillegg arrangerte me ein skrivekonkurranse der over 150 barn skreiv om saker som engasjerer dei.



6. trinn ved Fjelltun skule i Strand kommune fekk besøk av Framtida junior etter at dei vann skrivekonkurranse til Framtida junior i mars.

Framtida Junior – papiravis

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsidan driv me papiravisa Framtida Junior. Avisane kjem ut kring ein gong i månaden til abonnentar over heile landet. Målet er at inntektene frå abonnementsal vil gi eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida Junior. Avisene har allereie bidratt mykje inn i samarbeidet, med både marknadsføring og innhald til papiravisa.

Talet på abonnentar har vore aukande, med eit opplag i 2024 på nesten 1000. Mykje

skuldast abonnement av klasesett av avisa.



Konsentrerte ungar i Lesedigg-klubben på Stord.

Lesedigg og Lesedigg-klubben

I 2023 har Framtida Junior samarbeidd med Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret og seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune om å vidareutvikla den digitale teneste som skal hjelpe barn å finna kjekke bøker å lesa.

Hausten 2023 starta me eit samarbeid med Høgskulen på Vestland og Stord folkebibliotek om ein leseklubb for barn frå 4.–6. trinn; Lesediggklubben. Klubben arrangerer fleire opne samlingar i biblioteket der me les høgt, snakkar om bøkene med barna og gjer ulike aktivitetar til bøkene. Prosjektet har mål av seg til å skapa ein modell for korleis ein kan skapa leselyst og få meir aktivitet i biblioteka.

Les gjerne lesarbrevet til

Lesediggklubb-medlem Salomon (9):

[Vil ha lesediggklubb fleire plassar i Noreg](#)





Debatkurs for ungdomsråda i Sunnhordland januar 2024.

Kurs for barn og unge

I 2023 og 2024 har Framtida junior arrangert 10 miljøjournalistkurs for mellomtrinnet. Dette har gjeve Framtida junior god kontakt med målgruppa og også fleire saker frå barn som har blitt publisert i avisa.

Dagleg leiar i LNK har kursa Ungdommens fylkesting i Vestland i debatt kvart av dei siste åra. Ungdomsråda i Hardanger fekk debatt- og medverknadskurs i 2023. Ungdomsråd i seks kommunar fekk debattkurs i 2023. Frå 2022 og til og med 2024 har dagleg leiar i LNK vore prosjektleiar for Mostratinget for ungdom, på oppdrag for Moster 2024. I jubileumshelga for innføringa av kristenrett, kom ungdommar frå heile landet til Moster for å diskutera seg fram til kva som er dei viktigaste verdiane å ta med seg inn i framtida, og kva som er dei viktigaste sakene for ungdom.



Representantar frå regjeringa, Stortinget, Sametinget og fylkesordføraren i Vestland blei utfordra av ungdommane i Moster Amfi 2. juni – og 1. juni møtte ungdommane kronprinsparet.



Sponsorar og prosjektstøtte

Ingen andre nynorsktiltak når så mange brukarar for så lite pengar som Framtida.no. Me er svært glade for at støtta frå Kulturdepartementet på vel 1,5 millionar kroner til Framtida.no og Framtidajunior.no held fram.

Samarbeidsavtalen med KLP har gjeve LNK ei inntekt på 300.000 kroner, og samarbeidsavtalen med Fagforbundet har gjeve LNK ei inntekt på 400.000 kroner. Støtta har blitt brukt til å gi gratis språkkurs for tilsette i medlemskommunane, og støtta nettsatsingane våre.

ABC Startsidan har støtta Framtida.no med 250.000 kroner i 2023 og 50.000 kroner i 2024. Me er svært glade og takknemlege for alle andre som har støtta drifta vår i løpet av året som har gått.

Framtidajunior.no og Framtida.no har òg blitt støtta av Utdanningsdirektoratet gjennom Magasinett.

Framtida.no-redaksjonen har òg hatt ansvar for drifta av Pirion.no og Magasinett.

LNK har òg hatt nokre inntekter frå debattkurs og leiing av debattar, samtalar og bokbad. LNK har fått betalt arbeidet med prosjektleiing og kursing av ungdommar i samband med Moster 2024-jubileet.

SKL har sponsa kurset grøne miljøjournalistar med 40.000 kroner.



Styreleiar Sara Hamre Sekkingstad og dagleg leiar Svein Olav Langåker i møte med stortingsrepresentant Birgit Oline Kjerstad om støtte til læremiddel på nynorsk for framandspråklege.

Nynorske læremiddel for framandspråklege

Mangelfull opplæring for framandspråklege er eit tema LNK har hatt på dagsordenen dei siste åra. Mange nynorskkommunar nyttar framleis bokmål som opplæringsmål for framandspråklege. Ifølgje ei undersøking LNK gjennomførte hausten 2023, hadde litt under halvparten av nynorskkommunane opplæring på nynorsk for vaksne framandspråklege. Det talet er LNK ikkje nøgd med.

Eit av argumenta for å velja bokmål som opplæringsmål, er at det finst altfor få læremiddel på nynorsk for denne gruppa, og at det som finst, er for dårleg. Fram til 2019 har tilfanget auka, ikkje minst takka vera det arbeidet Kompetanse Noreg gjer og støtta dei har gjeve. Men sidan 2016 har ikkje Kompetanse Noreg gjeve ny støtte til nynorske læremiddel.

LNK har deltatt saman med Nynorsk forum på budsjett høyring i kommunalkomiteen på Stortinget både i 2023 og 2024. LNK har òg vore i møte med fleire representantar og parti om saka.

54 av 55 kommunar som svara på spørjeundersøkinga til LNK ønskjer betre tilgang på nynorske læremiddel. LNK vil arbeida for at det kjem fleire midlar til fleire læremiddel på nynorsk.

Slik det er i dag, vert avgjerd om målform for framandspråklege i mange kommunar overlate til rektorane og dei som underviser. Dette meiner LNK er uheldig. Slike saker bør opp på den politiske dagsordenen. Derfor oppmodar LNK kommunepolitikarane om å ta tilbake den politiske styringsretten på dette området.



Direktøren i Nynorsk kultursentrum, Olav Ø. Opsvik og dagleg leiar i LNK, Svein Olav B. Langåker på høyring på Stortinget i 2024.

Høyringsfråsegner og påverknadsarbeid

LNK har kome med fleire høyringsfråsegner i 2024 og 2023. Dei viktigaste er opplæringslova, statsbudsjettet, rapporten etter Ytringsfridomskommisjonen og forslag til omgjerung og forskriftsfesting av tilskotsordninga om grunntilskot til organisasjonar. LNK har òg kome med innspel til leselyststrategien til regjeringa.

LNK har deltatt i møte med politisk leiing i Kulturdepartementet om statsbudsjettet for fleire nynorsktiltak i 2023.

I møte med politisk leiing i Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2023 har LNK tatt opp støtte til fleire nynorske læremiddel for vaksne innvandrarar. Dette er òg tatt opp i budsjett høyringane i kommunalkomiteen i 2023 og 2024, og i møte med SV-representanten i kommunalkomiteen og i møte med fraksjonane til Ap og Sp. Det er òg skrive lesarbreve og LNK uttala seg til NRK om saka hausten 2023.

LNK, Landslaget for lokalaviser og Framtida.no møtte hausten 2024 kommunalministeren for å koma med innspel til støtteordninga for valinformasjonsarbeid.

LNK har kome med innspel til Utdanningsdirektoratet om kunnskapsinnhentinga dei gjer for å sjå bruken av læringsressursar utvikla til bruk i skulen og i kva grad dei er i bruk og finst på nynorsk. Hausten 2024 har LNK skrive brev til Kunnskapsdepartementet, Digitaliseringsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet om manglande nynorskstøtte i skriveprogrammet til Google, noko som er eit brot på den nye opplæringslova. LNK har òg deltatt på møte med Løvebakken mållag og tatt opp saka.

LNK deltok for første gong i Arendalsveka i 2023 saman med fleire andre nynorskorganisasjonar.



Kvam herad fekk utdelt prisen Årets nynorskkommune 2024 av kulturminister Lubna Jaffery.

Andre samarbeid og verv

LNK er medstiftar i Nynorsk kultursentrum som har hovudkontor i Ørsta, og avdelingar i Ulvik og Vinje. Nestleiar Gunnar Strøm var rådsmedlem til desember 2023, medan Hallvor Lilleslett er vararepresentant. Då blei dagleg leiar rådsmedlem og Gunnar Strøm varamedlem.

LNK er medstiftar i Nynorsk Avissenter i Førde, saman med Firda Media as og Mediebedriftenes Landsforening (MBL). Dagleg leiar er styremedlem.

LNK er medstiftar i Nynorsk bedriftsforum, og dagleg leiar er styremedlem.

LNK driv Magasinett og Piron med utgangspunkt i langsiktige avtalar med dei to stiftingane. Begge avtalane vart reviderte i 2019. Dagleg leiar i LNK har vore styreleiar i begge stiftingane.

LNK har vore medlem i nettverket Nynorskfylket sidan tiltaket vart skipa i Førde i 2015. Etter regionreforma vart organisasjonen ført vidare som Nynorskfylket Vestland, no med fylkeskommunen Vestland som politisk og administrativ pådrivar. LNK er framleis med i organisasjonen, og dagleg leiar har vore med i arbeidsgruppa i forumet.

Dagleg leiar er òg medlem av Fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning hjå Språkrådet. Han er òg personleg valt inn som møtande vara i styret til Det Norske Samlaget, og er i tillegg rådsordførar for Litteraturselskapet Det Norske Samlaget.

LNK er samarbeidspartnar til den nynorske barne- og ungdomsbokfestivalen Falturiltu og dagleg leiar er medlem programkomiteen til Falturiltuseminaret på Høgskulen på Vestlandet.

Dagleg leiar i LNK er med i juryen for Årets nynorskkommune. Frå 2022 blei det bestemt at prisen blir delt ut annakvart år. Hausten 2024 fekk Kvam herad utdelt prisen Årets nynorskkommune av kulturministeren.

LNK er fast medlem om Forum nynorsk i opplæringa. Dagleg leiar møter fast i dette. I 2023 hadde Utdanningsdirektoratet ansvar for dette. Frå 2024 fekk òg Språkrådet eit delansvar for dette forumet.

Medlemer

Per 31. desember 2024 var 85 kommunar, tre fylkeskommunar og 17 regionråd/andre IKS medlemmar, men tre kommunar er i utmeldingsprosess. Økonomi blir oppgjeve som årsak til utmeldingane.

Frå 2023 har BKK meldt seg ut, og det er dermed 17 regionråd og IKS som er medlem. I desember 2023 vedtok det nye fleirtalet i nye Ålesund kommune å gjera kommunen språknøytral og melda kommunen ut av LNK. Utmeldinga skjer etter vedtektene til LNK normalt etter to kalenderår, men styret vedtok i desembermøtet sitt å gå i dialog med nye Ålesund kommune om utmeldinga. Nye Haram kommune blei medlem i 2024.

Medlemstal var per 31. desember 2019 126, det høgaste medlemstalet i LNK si historie. Av desse medlemmene var 104 kommunar, fira fylkeskommunar og 18 regionråd/andre kommunale selskap. Medlemstalet har vore stabilt veksande gjennom fleire år. Grunna samanslåingar som følgje av kommune- og regionreformene vart talet på medlemmer per 1. januar 2020 redusert til 85 kommunar, tre fylkeskommunar og 18 regionråd/andre IKS.

Styre

På Landstinget 2023 gjekk Gunnar Strøm, Magnus Mjør, Kari Våge Gjuvslund, Jarand Felland og Marit Nerås Krogsæter ut av styret, medan Nils Johan Svalastog Garnes, Marie-Helene Hollevik Brandsdal, Øyvind Strømmen, Reidun Sandvik og Iselin Haugo Stavn kom inn. Etter dette har styret i LNK vore sett saman slik:

Styreleiar: Sara Hamre Sekkingstad
Nestleiar: Nils Johan Svalastog Garnes
Styremedlem: Hallvor Lilleslet
Styremedlem: Marie-Helene Hollevik Brandsdal
Styremedlem: Øyvind Strømmen

Varamedlemer

1. Reidun Sandvik (fast møtande)
2. Iselin Haugo Stavn
3. Kåre Martin Kleppe



Styret har hatt fire styremøte i løpet av året.

Økonomi

Samla rekneskap for 2024 syner eit overskot på 485.754 kroner. Overskotet skuldast i hovudsak reduserte pensjonskostnader samanlikna med 2023, refusjon av sjukepengar og tre færre På sakslista-kurs. LNK har ei ytingsbasert pensjonsordning frå KLP, og derfor vil pensjonskostnadene variera frå år til år. Av ein omsetnad på kring 7 mill. i 2024 var 3 mill. statstilskot frå Kulturdepartementet, 2 mill. medlemskontingent, medan resten var eigne inntekter; først og fremst prosjekttilskot og annonsesal, i tillegg til tilskot frå samarbeidspartnarane Fagforbundet og KLP-forsikring.

Samla rekneskap for 2023 syner eit underskot på 324 597. Dette blir dekt frå eigenkapitalen. Av ein omsetnad på vel 7,6 mill. i 2023 var 3 mill. statstilskot frå Kulturdepartementet, 2 mill. medlemskontingent, medan resten var eigne inntekter; først og fremst prosjekttilskot og annonsesal, i tillegg til tilskot frå samarbeidspartnarane Fagforbundet og KLP-forsikring. Begge desse avtalane vart fornya i 2021 og gjeld no fram til 2025. Hausten 2024 blei begge desse avtalane fornya. Avtalen med Fagforbundet er redusert frå 400.000 til 250.000 kroner i året. Ein samarbeidsavtale med Hotell Bondeheimen har ein verdi på om lag 100 000 (gjeld gratis overnatting for tilsette/styre), men denne summen er ikkje synleggjort i rekneskapen. Administrasjonen og Framtida Junior-redaksjonen har gratis lokale hos Mediehuset Sunnhordland i Leirvik på Stord.

Revisjon

Vekst revisjon i Oslo er vald som revisor for LNK.

Administrasjon og redaksjon

Dagleg leiar har vore Svein Olav B. Langåker. Rekneskapsfører har vore ECIT Stord.

I 2023 har Framtida.no hatt ein redaksjon på kring fire årsverk. Framtida Junior har hatt vel to journalistiske årsverk. Redaksjonen har kontor i Oslo og på Stord. Frå mai 2023 og ut februar 2024 jobba Framtida Junior-journalist Synne Ulltang frå Sør-Korea.

Arbeidsmiljøet i LNK er godt. Sjukefråveret var lågt i 2023 fram til 4. kvartal. Dei siste fire kvartala var sjukefråveret i snitt 12,2 %, der 11,7 prosent er knytt til langstidsfråvere. Me har lagt til rette etter beste evne for dei sjukemelde og 94,7 % er gradert sjukemelding.

Sjukemeldingane er ikkje knytt til arbeidsmiljøet og det har heller ikkje vore skadar eller ulukker på arbeidsplassen.

Mangfald og berekraft

Kjønnsbalansen i leiinga og i styret er god. Styret vedtok i 2022 ein strategi for mangfald,

inkludering og rekruttering i LNK, og denne blir følgt ved utlysingar av stillingar.

LNK driv ikkje med aktivitetar som fører med seg ureining av det ytre miljøet. Reiser og digitale tenester fører til klimautslepp. Framtida.no sine journalistar reiser kollektivt på oppdrag, og me prioriterer miljøvenlege reiser der det let seg gjera. Dersom me må bruka bil, så køyrer me elbil. Me satsar på gjenbruk av teknisk utstyr og jobbar med å minska vårt digitale fotavtrykk med å lagra bilete og videoar i minst mogleg format på internett. Framtida.no leiger lokale i Glasmagasinet sentralt i Oslo. Kjøpesenteret vart Miljøfyrtårnsertifisert i 2023.

Om rekneskapen

I samsvar med § 3–3 i rekneskapslova er det med dette stadfesta at ein føresetnad om framleis drift er lagd til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Oslo, 24.02.2025

Styret i Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Svein Olav B. Langåker
Dagleg leiar

Sara Hamre Sekkingstad
Styreleiar

Nils Johan Svalastog Garnes
Nestleiar

Hallvor Lilleslett
Styremedlem

Marie-Helene Hollevik Brandsdal
Styremedlem

Øyvind Strømmen
Styremedlem

Sak 3 REKNESKAP 2023-2024

Resultatrekneskap			
Landssamanslutninga Av Nynorsk kommunar			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2024	2023
Salsinntekt		1 151 094	1 634 273
Annan driftsinntekt	1	5 744 094	6 009 476
Sum driftsinntekter		6 895 187	7 643 749
Varekostnad		496 097	828 214
Lenskostnad	2	4 846 029	5 792 537
Annan driftskostnad	2	1 240 985	1 627 378
Sum driftskostnader		6 583 112	8 248 129
Driftsresultat		312 076	-604 380
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		164 680	140 286
Anna finansinntekt		9 193	139 497
Annan rentekostnad		8	0
Annan finanskostnad		187	0
Resultat av finanspostar		173 678	279 783
Resultat før skattekostnad		485 754	-324 597
Årsresultat	3	485 754	-324 597
Overføringer			
Avsatt til annan eigenkapital		485 754	-324 597
Sum overføringer		485 754	-324 597

Balanse			
Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar			
Elgedeler	Note	2024	2023
Anleggsmidlar			
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i aksjar og partar	4	21 144	21 144
Andre langsiktige krav		314 716	294 656
Sum finansielle anleggsmidlar		335 860	315 800
Sum anleggsmidlar		335 860	315 800
Omløpsmidlar			
Krav			
Kundekrav		26 787	66 290
Andre kortsiktige krav		115 839	392 270
Sum krav		142 626	458 560
Bankinnskot, kontantar o.l	5	5 424 303	4 493 586
Sum omløpsmidlar		5 566 928	4 952 146
Sum elgedelar		5 902 788	5 267 946

Balanse				
Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar				
Eigenkapital og gjeld	Note	2024	2023	
Eigenkapital				
Opptjent eigenkapital				
Annan eigenkapital		4 710 556	4 224 802	
Sum opptjent eigenkapital		4 710 556	4 224 802	
Sum eigenkapital	3	4 710 556	4 224 802	
Gjeld				
Kortsiktig gjeld				
Leverandørgjeld		134 954	56 733	
Skyldig offentlege avgifter		221 197	443 475	
Annan kortsiktig gjeld		836 081	542 935	
Sum kortsiktig gjeld		1 192 232	1 043 143	
Sum gjeld		1 192 232	1 043 143	
Sum eigenskapital og gjeld		5 902 788	5 267 946	
24.02.2025				
Styret i Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar				
Sara Hamre Sekkingstad styreleiar	Hallvor Lilleslett styremedlem	Nils Johan Svalastog Garnes nestleiar		
Øyvind Strømmen styremedlem	Marie-Helene Hollevik Brandsdal styremedlem			
Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar				
Side 3				

Notar2024
Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar

Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendingar

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak. Desse rekneskapsprinsippa er nytta:

Tenester vert inntektsførde etter kvart som dei vert leverte.
Tilskot til drifta vert inntektsførde i den perioden dei høyrer til. Tilskot og kostnader til prosjekt vert tekne med i den perioden dei høyrer til.
Krav på kundar og andre krav er oppførde til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventta tap. Avsetnad til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.

Note 1 Annan driftsinntekt og offentleg støtte

Tilskuddsgiver	2024	2023
Språkrådet - kultur dep.	3 180 000	3 060 000
Fritt ord	210 000	380 000
Nynorsk kultursenter	566 000	100 000
Bergerstiftelsen	0	125 000
Magasinett	0	320 000
Sparebankstiftelsen DNB	0	50 000
Kontigenter frå kommunar	1 831 769	1 798 337
Kontigenter fra fylkeskommunar	206 325	196 500
Andre, interneoverf. og periodiseringar*	-250 000	-20 361
Offenteleg tilskott	5 744 094	6 009 476

Notar2024
Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar

Note 2 Lønskostnader og antall årsverk

Lønskostnader	2024	2023
Løningar	3 649 870	4 044 151
Arbeidsgjevaravgift	601 496	729 842
Pensjonskostnader	557 716	983 808
Andre ytingar	36 947	34 736
Sum	4 846 029	5 792 537

Selskapet har i 2024 sysselsett 7 årsverk.

Pensjonsforpliktingane for dei tilsette er dekte ved ei kollektiv pensjonsforsikring som omfattar alle fast tilsette. Forpliktinga er ikkje balanseførd, og den årlege pensjonspremien og eventuelle tilleggsetalingar til pensjonspremfondet vert rekna som pensjonskostnad i året.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i året er på kr. 67 500,- for revisjon og teknisk bistand med årsoppgjer og likningspapir. Beløpet er inklusiv meirverdiavgift .

Note 3 Eigenkapital

	Eigenkapital Framtida.no	Eigenkapital Framtida jr	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2023	1 380 305	1 513 428	1 331 069	4 224 802
Årets resultat			485 754	485 754
Pr 31.12.2024	1 380 305	1 513 428	1 816 822	4 710 556

Note 4 Aksjar og egedelar i andre føretak m.m.

Aksjane er oppførde til kostpris som vert rekna som den verkelege verdien.

Note 5 Bundne midler

I posten er eit bunde bankinnskot på kr. 154 859 som skal dekkje skuldig skattetrekk 31/12.



Vekst Revisjon AS


Partnere:

Statsautorisert revisor Syver Tønnesen

Statsautorisert revisor Per M. Michelsen

Statsautorisert revisor Daniel Rypdal

Medlemmer i Den norske revisorforening



Til årsmøtet i Landssamanslutninga Av Nynorsk kommunar

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Landssamanslutninga Av Nynorsk kommunar som viser eit overskot på **kr 485 754**. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av landssamanslutninga si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av landssamanslutninga i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga (styret) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til landssamanslutninga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, den 24.02.2025
Vekst Revisjon AS

Per M. Michelsen
Statsautorisert revisor
(elektronisk signering)

SAK 4 FRAMLEGG TIL VEDTEKTER

Bakgrunn:

Landstinget til LNK i 2023 vedtok i sak 2 at vedtekter bør justerast. Og sak 5 vedtok landstinget: Styret må ha høve til å leggja fram aktuelle fråsegner slik at landstinget før høve til å uttrykke syn i m.a. aktuelle saker når landstinget finn stad.

Styret legg fram for landstinget i 2025 endringar slik førre landsting ønskte, og eit eige framlegg om å døypa om handlingsprogram til strategi, og at den blir gjeldande for fire år framover, fram til neste landsting.

Endringar i vedtektene er markerte i gult.

FRAMLEGG TIL VEDTEKTER

§ 1 FØREMÅL

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

§ 2 MEDLEMER

Alle kommunar og fylkeskommunar som gjer bruk av nynorsk i skulen og/eller administrasjonen, kan vera medlemmer av landssamanslutninga. På same vilkår kan interkommunale tiltak som brukar nynorsk, vera medlemmer.

§ 3 LANDSTINGET

3.1 Landstinget sin status:

Landstinget er organisasjonen sitt høgaste styringsorgan. Tinget held møte annakvart år. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har vore medlemmer i minst to månader før landstinget vert opna, kan møta på tinget med fulle rettar.

3.2 Innkalling til landsting:

Landstinget skal ha møte innan utgangen av juni månad. Innkalling med sakliste skal sendast til medlemene seinast to månader før tinget skal haldast. Endelege sakspapir skal sendast tre veker før tinget finn stad. Framlegg til saker som medlemene ynskjer skal handsamast på tinget, må sendast skriftleg til styret innan 1. mars. Landstinget set sjølv frist for dagsaktuelle språkpolitiske fråsegner.

Styret skal kalla inn til omframt landsting når minst halvparten av medlemene krev det.

3.3 Representasjon på landstinget:

Kommunane har rett til slik representasjon på landstinget:

Inntil 3.000 innbyggjarar 1 utsending

Inntil 6.000 innbyggjarar 2 utsendingar

Inntil 9.000 innbyggjarar 3 utsendingar

Meir enn 9.000 innbyggjarar 4 utsendingar

Folketalet i kommunen pr. 1. januar i det året landstinget vert halde, er grunnlag for talet på utsendingar.

Fylkeskommunane har rett til å møta med fem utsendingar, interkommunale tiltak med ein utsending.

Kvar utsending har ei røyst på landstinget. Medlemer med rett til meir enn ein utsending kan gje ein utsending skriftleg fullmakt til å røysta for så mange utsendingar ein har rett til å senda.

Styremedlemene møter på landstinget med tale- og framleggsrett, men har ikkje røysterett med mindre dei er valde som utsendingar.

3.4 Vedtak på landstinget:

Vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Endringar i vedtektene og vedtak om oppløysing av organisasjonen krev to tredels fleirtal av dei registrerte røystene (inkl. fullmaktsrøyster) på landstinget.

3.5 Landstinget sine oppgåver:

Landstinget vedtar sjølv endeleg dagsorden, og vel møteleiari, referent og to utsendingar til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.

Fram til tinget er konstituert, har styreleiaren ansvaret for møtestyringa.

Ordinære landsting skal alltid

- a) Godkjenna årsmeldinga.
- b) Godkjenna revidert årsrekneskap og balanse.
- c) Vedta kontingent og rammebudsjett for neste to år.
- d) Vedta strategi for komande fire år.
- e) Velja styre, valnemnd og revisor.
- f) Ta stilling til innkomne framlegg.

Landstinget kan vedta dagsaktuelle språkpolitiske fråsegner.

§ 4 STYRET

4.1 Val av styre:

Styret skal ha fem medlemer og tre varamedlemer. "Begge kjønn skal til eikvar tid vera representerte både blant dei faste medlemene og varamedlemene i styret.

Styremedlemene vert valde for fire år, likevel slik at vekselvis to og tre står på val på kvart landsting. Varamedlemene vert valde for to år.

Ved suppleringsval vert nye medlemer valde for resten av funksjonstida til den som går ut. Landstinget vel mellom styremedlemene leiari og nestleiar for to år om gongen.

4.2 Styremøte:

Leiaren kallar inn til styremøte når han/ho synest det trengst, når dagleg leiari ber om det, eller når minst to av dei faste styremedlemene krev det.

Styret er vedtaksført når minst tre av medlemene er til stades. Ved likt røystetal gjer møtestyraren si røyst utslaget.

4.3 Styret sine oppgåver:

Styret leier landssamanslutninga i samsvar med vedtektene og vedtak som er gjorde av landstinget.

Styret har i tillegg desse oppgåvene:

- a) Arbeida ut framlegg til rammebudsjett for komande år, og for toårsperioden fram til komande landsting.
- b) Vedta årsbudsjett innafor dei rammer landstinget har vedteke. Styret kan her også gjera nødvendige endringar i desse rammene.
- c) Sjå til at rekneskapen vert ført i samsvar med lov, forskrifter og god rekneskapsskikk, og syta for at han vert revidert.
- d) Kalla inn til landsting, og førebu dei sakene som skal førehavast på tinget.
- e) Alle andre oppgåver som naturleg høyrer inn under styret.

§ 5 VALNEMND

Etter framlegg frå styret vel landstinget ei valnemnd på tre medlemer.

§ 6 ADMINISTRASJON

Styret tilset dagleg leiar, fastset kontorstad og vedtar løn og andre arbeidsvilkår. Innafor vedteke budsjett og dei rammer landstinget har sett for drifta, kan styret også oppretta andre stillingar i administrasjonen.

§ 7 MEDLEMENE SINE PLIKTER

7.1 Kontingent:

Medlemskommunane skal betala kontingent i høve til innbyggjartalet, med ein grunnkontingent. Fylkeskommunar og interkommunale føretak skal betala ein fast årskontingent, utan omsyn til folketalet. Maks kontingent for enkeltkommunar skal ikkje overgå kontingenten til fylkeskommunane.

Den del av kontingenten som byggjer på innbyggjartalet, skal ta utgangspunkt i folketalet per 1. januar.

Landstinget fastset kontingenten etter framlegg frå styret. Styret kan justera kontingentsatsane for det andre året.

7.2 Kontaktperson:

Kvar medlem pliktar å peika ut ein av sine tilsette til å vera kontaktperson for LNK.

§ 8 INNMELDING OG UTMELDING

Innmelding i LNK skal skje skriftleg til styret.

Utmelding av LNK må skje skriftleg og får først verknad to fulle kalenderår etter at slik melding er komen til styret.

§ 9 ENDRING AV VEDTEKTENE

Endringar i desse vedtektene krev to tredels fleirtal. Framlegg til endring av vedtektene frå andre enn styret må vera innkomne til styret innan 31. desember i året før landstinget skal haldast.

Vedtekne 18. juni 1993, med endring vedteken 9. juni 1995 og endringar vedtekne 7. juni 2001 og 3. juni 2025.

SAK 5 STRATEGI FOR NYNORSKKOMMUNANE (LNK) 2025-2029

Strategien bygger på prinsippprogrammet til Landssamanslutninga av nynorskkommunar – LNK:

- LNK skal leggja til rette for at medlemene kan vera aktive og stolte nynorskbrukarar og medvetne i språkspørsmål.
- LNK skal arbeida for å sikra nynorsk som eit jamstilt og fullgodt bruksspråk innanfor alle delar av det offentlege. LNK skal ta eit ansvar for språkutviklinga i medlemskommunane, og ta på seg informasjons- og kulturfaglege oppgåver som set nynorsk inn i nye samanhengar.
- LNK skal vera ein pådrivar i høve til sentrale styresmakter og andre samarbeidspartar kommunane har, for å få dei til å ta språkjamstillinga på alvor. LNK skal vera ein konstruktiv, positiv og framoverretta samarbeidspart.
- LNK skal ta opp saker på vegner av medlemene.
- LNK skal vera ein medlemsorganisasjon, men samstundes leggja vekt på fellesskapet gjennom å tilnærma seg medlemene på ein måte som stimulerer til dialog og tovegskommunikasjon.

I strategiperioden skal følgjande punkt ha særleg prioritet:

1. Styrka nynorsk blant barn og unge.
2. Styrkja språkarbeidet i nynorskkommunane.
3. Gjera organisjonen og tilboda våre kjent blant tilsette, folkevalde og innbyggjarar i medlemskommunane våre.
4. Styrka den språkpolitiske slagkrafta til nynorskkommunane.

Utfordringar for LNK og nynorsk i kommunane

- Språkskifte blant barn og unge.
- Over halvparten av nynorskkommunar tilbyr berre norskopplæring på bokmål for vaksne innvandrarar.
- Staten er ikkje god nok på å følgja språklova.
- Digitale løysingar manglar på nynorsk. Utviklinga av kunstig intelligens (KI) gjev nye mogleikar og utfordringar.
- Manglande kjennskap og medvit i kommunane om gode nynorske tilbod.

Mål for LNK:

1. Styrka nynorsk blant barn og unge

- Utvikla og driva Framtida.no, Framtidajunior.no, Magasinett og Pirion og arbeida for at dei får ein meir føreseieleg økonomi.
- Utvikla og driva vidare kurstillboda for elevar som Framtida.no, Framtidajunior.no og Magasinett driv.
- Arbeida for meir medvitne haldningar til språk og kultur i barnehagane og skulane og styrka nynorsk i alle fag.
- Arbeida for å få på plass ei ordning med språkleg godkjenning av læremiddel og skriveprogram.

2. Styrkja språkarbeidet i nynorskkommunane

- Arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng, mellom anna ved å syna samanhengar mellom språk, identitet, kultur, samfunnsutvikling og omdømebygging.
- Styrkja språkkompetansen blant tilsette i kommunar og fylkeskommunar. LNK skal tilby kursa «På saklista», «På brett og tavle» og fagsamlingar så langt økonomien tillet dette.
- Arbeida særskilt inn mot kommunar der nynorsk står svakt og er utsett for språkpress frå områda dei grenser til.
- Arbeida for at kommunane vedtek språkplanar og integrerer desse i kommunale planverk og at desse tydeleggjer kven som har ansvar for språk i kommunane.
- Arbeida for at medlemmane til LNK skal få medlemstilbod og medlemsfordelar.
- Arbeida for at programvare, læremiddel og språkteknologiske verktøy blir utvikla på nynorsk.
- Bidra til at det blir lettare for kommunane å stilla krav til innkjøp av tenester og varer på nynorsk.
- Arbeida for at framandspråklege får fullgode læremiddel på nynorsk og bidra til samarbeid mellom vaksenopplæringane for å gjera det lettare for fleire kommunar å tilby undervising i nynorsk og dialekt. Det skal vera eit statleg ansvar å syta for at det finst tilgjengeleg læringsmateriell av god kvalitet på nynorsk for framandspråklege

3. Gjera organisasjonen kjent blant tilsette, folkevalde og innbyggjarar i medlemskommunane våre.

- Presentera kursprogramma under rekrutteringsferder, medlemsbesøk og i direkte kontakt med medlemmane.

- Presentera tilboda for barn- og ungdom under rekrutteringsferder/ medlemsbesøk og i direkte kontakt med skular og barnehagar.
- Laga og følgja opp merkevare- og kommunikasjonsstrategi.
- Ha aktiv kontakt med media og relevante styremakter for å få fram aktuelle saker.
- Markera organisasjonen gjennom tilboda våre til barn og unge.

4. Styrka den språkpolitiske slagkrafta til nynorsk kommunane

- Samarbeida med Språkrådet og Nynorsk kultursentrum om kartlegging av haldningar til språk og andre tiltak for nynorsk i kommunane.
- Samarbeida med KS og andre nettverk og organisasjonar om tiltak som styrkar nynorsken i kommunane.
- Fremja medlemene sine språkpolitiske interesser gjennom fråsegner og politisk arbeid.
- Arbeida for at kommunane ikkje skal ha meirkostnader av di dei har valt nynorsk som administrasjonsspråk.

Styret følgjer opp vedtatt strategi for mangfald, inkludering og rekruttering og skal vedta ein strategi for berekraft i løpet av 2025.

Sak 6 KONTINGENT

Framlegg til vedtak:

«Kontingentsatsane i LNK vert justerte frå 1. januar 2026. Dei nye satsane vert:

Einskildkommunar: kr 12028 (+ 3,6%) + kr 1,66 (+3,7%) per innbyggjar

Høgaste kontingent for einskildkommunar er sett til kr 73603 (+3,6%)

Kontingent for fylkeskommunar er sett til kr 73603 (+3,6%)

Interkommunale tiltak: kr 12028 (+3,6%)

Regionråd og andre interkommunale selskap der minst éin av medlemskommunane er betalende medlem i LNK, har rett til gratis medlemskap.»

Sak 7 RAMMEBUDSJETT 2026-2027

Budsjettet blir justert for konsumprisindeks og styret vedtek endeleg budsjett når statsbudsjettet er lagt fram og administrasjonen har lagt fram oversikt over prosjektinntekter, sponsorinntekter og andre inntekter.

Budsjett 2026

Tilskot frå det offentlege	kr 3 450 000
Kontingentar	kr 2 250 000
Annonсар	kr 55 000
Andre inntekter	kr 110 000
Sponsoravtalar	kr 550 000
Prosjektinntekter	kr 1 115 000
Framtida.no - bidrag frå Magasinett	kr 320 000
(Frå prosjekt avsetn. balanse)	kr 406 500
Sum driftsinntekter	kr 8 256 500

Løner og sosiale kostnader	kr -6 094 500
Honorar m.m.	kr -35 000
Redaksjonell drift	kr -289 000
Rekneskap og revisjon	kr -150 000
Andre kostnader	kr -128 000
Kurs og tilskipingar	kr -115 000
På saklista	kr -650 000
Reisekostnader	kr -160 000
Husleige	kr -390 000
Styrehonorar	kr -145 000
Løyvingar	kr -100 000
Sum driftskostnader	kr -8 256 500

Driftsresultat **kr -**

Finansinntekter	kr 160 000
Finanskostnader	kr -1 000

Ordinært resultat **kr 159 000**

Budsjett 2027

Tilskot frå det offentlege	kr 3 550 000
Kontingentar	kr 2 340 000
Annonsar	kr 70 000
Andre inntekter	kr 130 000
Sponsoravtalar	kr 550 000
Prosjektinntekter	kr 1 155 000
Framtida.no - bidrag frå Magasinett	kr 320 000
(Frå prosjekt avsetn. balanse)	kr 206 000

Sum driftsinntekter kr 8 321 000

Løner og sosiale kostnader	kr -6 128 000
Honorar m.m.	kr -30 000
Redaksjonell drift	kr -295 000
Rekneskap og revisjon	kr -158 000
Andre kostnader	kr -130 000
Kurs og tilskipingar	kr -125 000
På saklista	kr -670 000
Reisekostnader	kr -180 000
Husleige	kr -405 000
Styrehonorar	kr -150 000
Løyvingar	kr -50 000
Sum driftskostnader	kr -8 256 500

Driftsresultat kr -

Finansinntekter	kr 160 000
Finanskostnader	kr -1 000

Ordinært resultat kr 159 000

SAK 8 FRÅSEGNER

Det har ikkje kome inn framlegg om fråsegner.

SAK 9 VAL AV STYRE, VALNEMND OG REVISOR

Framlegg frå valnemnda i LNK 2025:

Av dagens styre er Sara Hamre Sekkingstad og Halvor Lilleslet på val. Alle varaene er på val, og verva leiar og nestleiar er på val, jfr. § 4 i vedtektene. Styremedlemene Nils Johan Svalastog Garnes, Marie-Helene Hollevik Brandsdal og Øyvind Strømmen er ikkje på val dette landstinget. Framlegg til val:

Styremedlemer

Sara Hamre Sekkingstad (attval)

Anne Sølvi Vatne (ny)

Varamedlemer

1. Bjørg Torsteinsrud (ny)

2. Kåre Martin Kleppe (attval)

3. Reidun Sandvik (attval)

Styreleiar: Sara Hamre Sekkingstad (attval)

Nestleiar: Nils Johan Svalastog Garnes (attval)

Framlegg til nytt styre:

Styreleiar: Sara Hamre Sekkingstad, (SP) Alver/Vestland

Nestleiar: Nils Johan Svalastog Garnes, (SV) Vinje/Telemark

Styremedlem: Anne Sølvi Vatne, (H) Ørsta/Møre og Romsdal

Styremedlem: Marie-Helene Hollevik Brandsdal, (AP) Årdal/Vestland

Styremedlem: Øyvind Strømmen, (MDG) Samnanger/Vestland

Vara

1. Bjørg Torsteinsrud, (SP) Ål/Buskerud

2. Kåre Martin Kleppe, (H) Tysnes/Vestland

3. Reidun Sandvik, (adm) Sandnes/Rogaland

Valnemnda 27.03.2025

Jon Rikard Kleven, leiar Hilde Løkensgard Bjørnsvik Kari Vaage Gjuvsland

Framlegg til vedtak:

«Årsmøtet godkjenner valet i samsvar med innstilling frå valnemnda»

Val av valnemnd 2025-2027 – framlegg frå styret

«Valnemnda har vore: Jon Rikard Kleven (leiar), Hilde Bjørnsvik og Kari Vaage Gjuvsland.

Styret ettersender framlegg om valnemnd for perioden 2025 – 2027.

Val av revisor

Sidan 2015 har Vekst Revisjonskontor i Oslo vore revisor for LNK. Landstinget 2023 oppmoda styret til å finna ein revisor i ein nynorsk-kommune med nynorsk som arbeidsspråk. Administrasjonen ventar på tilbod frå revisorar med nynorsk som arbeidsspråk, og styret vil ettersenda ei tilråding til val av revisor i 2025-2026 seinast tre veker før landstinget.

VEDTEKTER FOR LNK

§ 1 FØREMÅL

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

§ 2 MEDLEMER

Alle kommunar og fylkeskommunar som gjer bruk av nynorsk i skulen og/eller administrasjonen, kan vera medlemmer av landssamanslutninga. På same vilkår kan interkommunale tiltak som brukar nynorsk vera medlemmer.

§ 3 LANDSTINGET

3.1 Landstinget sin status:

Landstinget er organisasjonen sitt høgaste styringsorgan. Tinget held møte annakvart år. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har vore medlemmer i minst to månader før landstinget vert opna, kan møta på tinget med fulle rettar.

3.2 Innkalling til landsting:

Landstinget skal ha møte innan utgangen av juni månad. Innkalling med sakliste skal sendast til medlemene seinast to månader før tinget skal haldast. Endelege sakspapir skal sendast tre veker før tinget finn stad. Framlegg til saker som medlemene ynskjer skal handsamast på tinget, må sendast skriftleg til styret innan 1. mars. Styret skal kalla inn til omframt landsting når minst halvparten av medlemene krev det.

3.3 Representasjon på landstinget:

Kommunane har rett til slik representasjon på landstinget:

Inntil 3.000 innbyggjarar: 1 utsending
Inntil 6.000 innbyggjarar: 2 utsendingar
Inntil 9.000 innbyggjarar: 3 utsendingar
Meir enn 9.000 innbyggjarar: 4 utsendingar

Folketalet i kommunen pr. 1. januar i det året landstinget vert halde er grunnlag for talet på utsendingar.

Fylkeskommunane har rett til å møta med fem utsendingar, interkommunale tiltak med ein utsending.

Kvar utsending har ei røyst på landstinget. Medlemer med rett til meir enn ein utsending kan gje ein utsending skriftleg fullmakt til å røysta for å så mange utsendingar ein har rett til å senda.

Styremedlemene møter på landstinget med tale- og framleggsrett, men har ikkje røysterett med mindre dei er valde som utsendingar.

3.4 Vedtak på landstinget:

Vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Endringar i vedtektene og vedtak om oppløysing av organisasjonen krev to tredels fleirtal av dei registrerte røystene (inkl. fullmaktsrøyster) på landstinget.

3.5 Landstinget sine oppgåver:

Landstinget vedtar sjølv endeleg dagsorden, og vel møteleiar, referent og to utsendingar til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.

Fram til tinget er konstituert har styreleiaren ansvaret for møtestyringa.

Ordinære landsting skal alltid

- a) Godkjenna årsmeldinga.
- b) Godkjenna revidert årsrekneskap og balanse
- c) Vedta kontingent, rammebudsjett og handlingsprogram for komande to år.
- d) Velja styre, valnemnd og revisor.
- e) Ta stilling til innkomne framlegg.

§ 4 STYRET

4.1 Val av styre:

Styret skal ha fem medlemmer og tre varamedlemmer. "Begge kjønn skal til ei kvar tid vera representerte både blant dei faste medlemmene og varamedlemmene i styret. Styremedlemmene vert valde for fire år, likevel slik at vekselvis to og tre står på val på kvart landsting. Varamedlemmene vert valde for to år.

Ved suppleringsval vert nye medlemmer valde for resten av funksjonstida til den som går ut.

Landstinget vel mellom styremedlemmene leiar og nestleiar for to år om gongen.

4.2 Styremøte:

Leiaren kallar inn til styremøte når han/ho synest det trengst, når dagleg leiar ber om det, eller når minst to av dei faste styremedlemmene krev det.

Styret er vedtaksført når minst tre av medlemmene er til stades. Ved likt røystetal gjer møtestyraren si røyst utslaget.

4.3 Styret sine oppgåver:

Styret leier landssamanslutninga i samsvar med vedtektene og vedtak som er gjorde av landstinget.

Styret har i tillegg desse oppgåvene:

- a) Arbeida ut framlegg til rammebudsjett for komande år, og for toårsperioden fram til komande landsting.
- b) Vedta årsbudsjett innafor dei rammer landstinget har vedteke. Styret kan her også gjera nødvendige endringar i desse rammene.
- c) Sjå til at rekneskapen vert ført i samsvar med lov, forskrifter og god rekneskapsskikk, og syta for at han vert revidert.
- d) Kalla inn til landsting, og førebu dei sakene som skal førehavast på tinget.
- e) Alle andre oppgåver som naturleg høyrer inn under styret.

§ 5 VALNEMND

Etter framlegg frå styret vel landstinget ei valnemnd på tre medlemmer.

§ 6 ADMINISTRASJON

Styret tilset dagleg leiar, fastset kontorstad og vedtar løn og andre arbeidsvilkår. Innafor vedteke budsjett og dei rammer landstinget har sett for drifta, kan styret også oppretta andre stillingar i administrasjonen.

§ 7 MEDLEMENE SINE PLIKTER

7.1 Kontingent:

Medlenskommunane skal betala kontingent i høve til innbyggjartalet, med ein grunnkontingent. Fylkeskommunar og interkommunale føretak skal betala ein fast årskontingent, utan omsyn til folketalet. Den del av kontingenten som byggjer på innbyggjartalet, skal ta utgangspunkt i folketalet per 1. januar.

Landstinget fastset kontingenten etter framlegg frå styret. Styret kan justera kontingentsatsane for det andre året.

7.2 Kontaktperson:

Kvart medlem pliktar å peika ut ein av sine tilsette til å vera kontaktperson for LNK.

§ 8 INNMELDING OG UTMELDING

Innmelding i LNK skal skje skriftleg til styret.

Utmelding av LNK må skje skriftleg og får først verknad to fulle kalenderår etter at slik melding er komen til styret.

§ 9 ENDRING AV VEDTEKTENE

Endringar i desse vedtektene krev to tredels fleirtal. Framlegg til endring av vedtektene frå andre enn styret må vera innkomne til styret innan 31. desember i året før landstinget skal haldast.

Vedtekne 18. juni 1993, med endring vedteken 9. juni 1995 og endringar vedtekne 7. juni 2001.

MEDLEMER LNK, 31.12.2024

Møre og Romsdal:

Aukra
Fjord
Giske
Haram
Hareid
Herøy
Møre og Romsdal fylkeskommune
Sande
Stranda
Sula
Sykkylven
Søre Sunnmøre IKT
Tussa Kraft as
Ulstein
Vanylven
Vestnes
Volda
Ørsta

Telemark:

Fyresdal
Kviteseid
Midt-Telemark
Midt-Telemarkrådet
Nissedal
Seljord
Tokke
Vest-Telemarkrådet
Vinje

Rogaland:

Bjerkreim
Bokn
Hjelmeland
Hå
Jærmuseet
Klepp
Rogaland fylkeskommune
Ryfylkemuseet

Ryfylke IKS

Sauda
Suldal
Time
Tysvær
Vindafjord

Vestland:

Alver
Askvoll
Aurland
Austevoll
Austrheim
Bjørnafjorden
Bremanger
Bømlo
Eidfjord
Etne
Fedje
Fitjar
Fjaler
Gloppen
Gulen
Hardangerrådet
Hyllestad
Høyanger
IS Fjordvegen
Kvam
Kvinnherad
Luster
Lærdal
Masfjorden
Modalen
Osterøy
Sunnhordlandsrådet
Samnanger
Sogn regionråd
Sogndal
Solund
Stad
Stord
Stryn
Sunnfjord

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk (SIM)
Sveio
Tysnes
Ullensvang
Ulvik
Vaksdal
Vestland fylkeskommune
Vik
Voss
Øygarden
Årdal

Viken:

Gol
Hemsedal
Regionrådet for
Hallingdal
Ål

Innlandet:

Lom
Nord-Fron
Regionrådet for
Nord-Gudbrandsdal
Skjåk
Valdresmusea
Vang
Vestre Slidre
Vågå

Agder:

Bygland
Bykle
Konsesjonskraft IKS
Setesdal regionråd
Sirdal
Valle
Åseral